


Ulateigs likvidasjoner

110602



Egil Ulateigs bok «Med rett til å drepe» er eit viktig bidrag til historia om okkupasjonsåra og rettsoppjøret. Derfor tilrår eg boka, dersom ho blir lesen med eit kritisk blikk, skriv Tore Pryser, professor i samtidshistorie ved Høgskolen i Lillehammer.



Egil Ulateig:
Med rett til å drepe
Tiden

Likvidasjoner i Noreg under okkupasjonen i 1940-45 er framleis eit omtolig tema. Dette viser mellom anna presedebatten om emnet i Aftenposten i år. Debatten har ikkje stilna etter at Egil Ulateig har gjeve ut boka *Med rett til å drepe* (Tiden). Ho kastar ytterlegare lys over emnet med dei mange døma og kritiske blikka på det som til no har vore gjeldande synspunkt. I utgangspunktet skal Ulateig ha ros for dette.

Kvifor veit vi så lite om emnet likvidasjoner? Kvifor hissar somme seg så sterkt opp over at somme forfatarar femti år etter krigen vågar å påstå at det ikkje berre var 65 likvidasjoner, som er det offisielle talet, men nokre fleire. Dei tala som det siste året har vore nemnde, er 100-110 (A. Moland), 150 (C. Stridsklev) og om lag 200 (E. Ulateig). Ulateigs bok dokumenterer 136 nordmenn med namn. I tillegg kjenner han om lag 70 drepte tyskarar ved namn.

Somme av desse dødsfalla kan opplagt didderast. Somme av dei døma Ulateig gjev på likvidasjoner, er truleg heller spontane skyteepisodar med tap av liv i samband med sabotasjar, tilfeldige samanstøytar og liknande. Men det verkar som om dei aller fleste av likvidasjonane er handlingar planlagde på førehand for å ta livet av angjevarar eller andre som vart vurderte som farlege for motstandsørsla.

Små tal

La meg først slå fast at uansett om det dreier seg om 65 eller 200, er tala velig små.

I Danmark, som først fekk motstandsverksemd for alvor da kommunistane starta opp i august 1943, er talet om lag 400, altså minst dobbelt så mange som i Noreg. I Frankrike reknar historikarane med heile 10.000.

Med andre ord er talet på

likvidasjoner i Noreg lite. Vi må sjå talet i høve til at 4037 personar vart døde for angjevar- eller agentverksemd etter okkupasjonen. Enda fleire vart mistenkte, men dette let seg ikkje prøve.

Det er også ei overdriving å seia som Ulateig gjer at likvidasjonane frå våren 1944 fekk motstandskrigen til å andre karakter, at det no nærma seg «virkelige serbiske tilstander, om ikke i kvantitet, så i kvalitet» (s. 173). Partisanikrigen mot tyskarar i Serbia og okkupasjonen i Noreg er storleikar som ikkje kan samanliknast.

Likevel hissar altså somme seg opp over skilnaden mellom 65 og 200 – dei tala som ligg føre. Etter krigen tok Jens Chr. Hauge ansvaret for 55. Sannsynlegvis er dette dei som ei gruppe ansvarlege i heimefrontleinga tok avgjerd om å avrette. Men Hauge var langt frå herre over liv og død. Det er all grunn til å tru at somme også vart likviderte etter lokale heimefront-initiativ, av kommunistiske motstandsgrupper, av XU styrt frå Stockholm, og av grupper under britisk kontroll (SOE). Vi må også rekne med at somme vart drepte ved mistak.

Personvern

Kvifor veit vi så lite om dei tilfella som trass i alt skjedd? Svaret på dette er **personvern** når det gjeld tilgjenge til dei offentlege arkiva, både av omsyn til offera og dei som stod for likvidasjonane, medrekna etterkommarane deira. Vanlegvis opererer forvaltningslova med ei tidsgrønse på 60 år (paragraf 13 c). Ei endring i forvaltningslova frå 1977 gjev likevel Riksarkivaren rett til å «bestemme at taushetsplikten for opplysningar som oppbevares i arkivverket skal gjelde ut over 60 år» når omsynet tilseier det.

Dette er forklaringa på at historikarane 50 år etter ennå

ikkje har skrivne noko av stor verdi om emnet likvidasjoner. Det skuldast ikkje at vi ikkje vil, men at vi til no har respektert personvernet. Elles finst det ikkje noka offisiell historiskrivning i Noreg, slik Ulateig hevdar i kritikken sin av faghistorikarane (s. 93). Ulateig må også fortelje oss kva norske historikarar som han påstår har hevda at Tysklands framferd mot Noreg fritok oss frå å følgje reglane i folkeretten (s. 166).

Personvernet er også grunnen til at Egil Ulateig ikkje har sloppet til på landssvikarkivet og andre relevante kjelder i Riksarkivet på jakta etter opplysningar om likvidasjoner. I staden har han måtta gå til andre kjelder, som illegale aviser, NS-aviser, avisreportasjar etter krigen og intervju med personar mange år etterpå. Slike kjelder – ikkje minst dei illegale avisene – inneheld ein god del faktiske feil.

Ein grov feil er til dømes likvidasjonen av Einar Hærland i Sporveisgaten i Oslo, juni 1944 (s. 130). Hærland var major i det sivile luftvernet og mistenkt av tyskarane for illegalt verksemd her. Derfor vart han vald ut som første offer i «Blumenpflücken», ein operasjon som Gestapo sjølv sette i verk for å kaste skulda på motstandsørsla. Det var SS-Hauptsturmführer Weiner kledd i sivile norske klede som personleg skaut Hærland i trappeoppgangen der han budde. Weiner fortel sjølv om likvidasjonen: «Neste dag vart eg kalla inn til Fehlis som uttalte at jeg ikke hadde opptrådt på helt tilforlætelig måte, i det jeg bare hadde skutt et skudd, mens patriotene pleide å skyte flere».

Folkeretten

Eg synest det er heilt greitt at Ulateig tek opp emnet likvidasjoner og «forsøker å plassere dem mot en kulisse av rett og moral», som han sier (s. 11). At han spesielt har hatt nytte av det nyleg «frigjevne» SOE-arkivet i Public Record Office i London (PRO), gjev han tilgjenge til kjelder som kan vege opp for at han ikkje slepp til i norske offentlege arkiv.

Diverre viser ikkje Ulateig særleg konkret til materiale frå PRO når han behandlar ein-skildsaker. Dersom han hadde gjeve att dette i form av eit noteapparat, ville det ha heva boka monaleg som faghistorisk handverk. At han dessutan

byggjer på kjelder – både skriftlege om munnlege – som han «stort sett har lovet å holde hemmelig» (s. 12), er sjølvsgagt også eit problem dersom ein skal etterprøve boka faghistorisk. Men eg forstår problema hans på bakgrunn av at det alltid har vore tabu for aktørane å snakke om desse sakene.

Ulateig er som nemnt oppteken av både rett og moral. I denne samanhengen fører han inn folkeretten. Som kritikarane av rettsoppjøret etter krigen har for vane – særleg «Folk og Land»-krinsen og forfattaren Kjell Fjørtoft – fører han i samanheng med folkeretten inn både spørsmålet om karakteren av kapitulasjonen i Trondheim 10. juni 1940, som han meiner var ein fullstendig kapitulasjon, og om Noreg i det heile tok del i Den andre verdskrigen som alliert makt, trass i militærvæltalen med Storbritannia. Ulateig kunne her ha opplyst kva for dokumentasjon om folkerett han byggjer på, når han konkluderer med at Noreg ikkje vart sett på som alliert.

«Seierherrens justis»

Kapitulasjonen og spørsmålet om Noregs status som alliert er ein gammal diskusjon, som eg skal la ligge her. Ulateigs hovudpoeng i høve til temaet i boka er likevel at **likvidasjoner var folkerettsstridig**, med andre ord at dette var krigsbrottsverk (s. 97). Den tyske historikaren Robert Bohn, som har arbeidd mykje i norske arkiv, skriv i 1993 artikkelen «Schuld und Sühne» at grunnene til likvidasjonsgruppene ikkje kan reknast som rettmessige etter reglane i folkeretten (Ulateig s. 98). Dette er eit vanskeleg tema. Blant sakkunnige juristar internasjonalt er det mykje usemje om korleis vi skal tolke folkeretten på dette punktet. I Noreg har det vore minimal forskning på området. Når det gjeld likvidasjoner, er så vidt eg veit Johs. Andenaes' artikkel «Okkupasjonstidens likvidasjoner i rettslig belysning» i Tidsskrift for Rettsvitenskap frå 1948 det einaste arbeidet som ligg føre.

Andenaes' syn er prega av «at rettsoppjøret etter ein seierrik krig alltid vil bli seierherrens justis», som den eldre kollegaen hans, professor F. Castberg, uttalte generelt om rettsoppjøret i 1961. Her skulle eg ønske meg ein skarpskodd

KRIGEN



jurist av yngre årgang som kunne forske på dette feltet i lys av erfaringane i ettertid, og i eit internasjonalt perspektiv. Eg er ikkje jurist og må la denne innfallsvinkelen ligge.

Det moralske og realhistoriske kan eg derimot seie noko om. Ulateig er moralsk når han fordømmer dei som utførte likvidasjonane strengare enn dei som vart likviderte. Han aksepterte ikkje at kampen mot tyskarane og NS meir og meir tvinga fram handlingar av typen «auge for auge, tann for tann». Her må eg seie meg einig med advokaten Peter Munthe Kaas, som i diskusjon med Johan Scharffenberg hausten 1947 hevda at ein ikkje kunne måle krigens

handlingar med fredens målestokk (s. 343). Som Ulateig viser, var Scharffenberg ein av dei få som kritiserte likvidasjonane. Ein annan var elles historiprofessor Arne Bergsgård, som også ønskte likvidasjonane granska, noko som viser at iallfall ikkje alle historikarar har godteke dette.

Nytt stoff

Eg synest det er bra at Ulateig no har komme med det første større bidraget til å setje lys på likvidasjonane i Noreg under okkupasjonen. Han får også fram mykje nytt stoff. Ikkje minst vanlege lesarar kan finne stoff som elles ikkje har komme fram i historiebøkene.

Likevel kan det reistas kritiske merknader til boka. Ein hovudveikskap er at Ulateig i ein god del tilfelle til vere å gå inn på **den realhistoriske bakgrunnen** for likvidasjonane. Her er nokre døme:

Boka opnar med «Gulosten»s bestialske likvidasjon av Raymond Colberg våren 1942 (s. 19 ff). Men Ulateig glemmer å nemne at Colberg var agent for Abwehrs kontraspionasje III F og mellom anna hadde operert i Sandefjord-distriktet og avslørt ein radiosendar. Verksemda hans førte til at åtte personar vart arresterte i mars 1941, blant dei politimannen Øyvind Ask og radioamatøren Andreas Bertnes, som begge vart avretta. Det er

tull når Ulateig ymtar frampå om at dette var ein privat hemnaksjon. Colberg var ein svært dyktig og farleg agent.

Ulateig nemner heller ikkje at Ole Udengen, som vart prøvd likvidert på Morskogen i januar 1945 (s. 148 ff), opphavleg var Abwehr-agent med liv på samvitet. I 1941 hadde han operert i Harstad og mellom anna avslørt Per Spilling og Alf Pettersen, som begge vart avretta. Udengen unngekk så vidt dødsstraff i 1946. Fire av dommarane gjekk inn for det, men dødsstraff kravde minst fem stemmer i lagmannsretten, så han fekk livsvarig (ikkje 15 år som Ulateig skriv).

Fleire feil

Eit anna døme er likvidasjonen av Elsa Kristoffersen, som vart funnen under Nesøy-brua i desember 1943 (s. 105 ff, 128). Ulateig hevdar at etter høyr fann tyske etterforskarar fram til at Kristoffersen ikkje hadde gjort noko som gjorde henne fortennt til å døy, at ho ikkje var nokon angjevar. Det har vore påstått at likvidasjonen berre var for treningsføreml. Slik var det neppe. Den velorienterte Gestapo-toiken og Kriminalober-assistenten Gertrud Thielicke Karlsen hevda å ha sett ein rapport om at Kristoffersen var spion og angjevar for politifullmektig Krantz i Stapo.

Når det gjeld Astrid Dollis, som også vart utsett for forsøk på likvidasjon (s. 146 ff), hevdar Ulateig at ho vann rettssaker i Sverige. Faktum er at ho vart dømd til to års fengsel for spionasje her, noko Ulateig til vere å nemne. Vidare er det feil at hennar kontakt på Victoria terrasse var ein anti-nazist. Kontakten, som var SS-Sturmabführer Fritz Preiss, vart medlem av det tyske nazi-partiet i 1937. I Noreg leidde han Gestapos Referat IV A – det frykta kommunistreferatet – som tente Nazi-Tyskland på utmerkt måte.

Når det gjeld legen Ingolf Andresen, som overlevde eit likvidasjonsforsøk våren 1944 (s. 144 f), vart han ikkje frikjend for landssvik etter krigen, slik det ofte blir hevda, men dømd til tre år og seks månaders fengsel av lagmannsretten i 1948. Men han vart rekna som sinnssjuk da handlingane vart utførte og slapp difor å sone. Andresen var ein av SS-Hauptsturmführer Fehmers viktigaste agentar, men arbeidde også for den svenske e-tenesta.

Misforståingar

Ulateig viser at det av og til kunne gjennomførast likvidasjonar ved misforståingar. Den eldre brukseigaren Einar Haneborg vart drepen i Aurskog i februar 1945 ved ei misforståing (s. 277 ff). Ein trudde han hadde rapportert

om ein XU-flyktningstransport månaden før, som førte til at fire flyktningar vart arresterte. Ei kvinne som var med i følgjet, vart ikkje teken, og Ulateig meiner ho var angjevaren. Her har han heilt rett. Eg kan fortelja Ulateig at etternamnet hennar var Andersen (førenamnet gjev eg ikkje opp av personverngrunnar). Ho var ei ung hushjelp som vart ein av SS-Hauptsturmführer Weiners viktigaste agentar med nr. 83. Ho vart mest illegitim etter krigen for å ha avslørt Formo-gruppa knytt til «Pelle» Sollies sabotasjeorganisasjon, noko som kosta sju menneske livet. Ho avslørte gruppa i november 1944. Det gav henne dødsdom, som vart gjort om til livsvarig tvangsarbeid.

Ulateigs bok handlar også om anna enn likvidasjonar. Noko av dette kunne ha vore kommentert nærare og. Plassen tillet ikkje det. La meg berre til slutt ta ei omstridd sak, som førte til alvorlege skuldingar mot riksadvokat Sven Arntzen etter krigen. Riksadvokaten vart skulda for å ha komme med opplysningar som førte til at XU-mannen Bjørn Johansen vart arrestert av tyskarane. Arntzen visste ikkje at Johansen var i XU og ville berre hindre at han forsvann til Sverige utan å gjere opp for seg etter ei skilsmålsak, som Arntzen var engasjert i som advokat. Redaktør Toralf Fanebust, som langt frå var nokon nazist, men likevel kritisk til landssvikoppgjering, førte denne historia vidare i tidskriftet sitt «Paragraf 100». Det kosta han ni månader i fengsel for injurier.

Så langt er Ulateigs framstilling grei. Det han glemmer å nemne, er at Fanebust hadde fått opplysningane frå Sipotolken Kåre Torgersen i form av eit anonymt brev skrive i fengselet. Den tyske etterforskarer Hans Krijom, som etterforska saka mot Johansen under okkupasjonen, hevda at han ikkje vart avslørt gjennom Arntzens brev, men av den tyske militære e-tenesta Abwehr. Også dette burde ha vore nemnt i boka.

Ein detalj til slutt: SOE-mannen Johnny Pevik var ikkje med på det mislukka likvidasjonsforsøket mot Henry Rinnan da Karl Dolmen vart sara (s. 180), men sat allereie arrestert på Misjons-hotellet i Trondheim under lås og slå. Leiaren av gruppa var Ole Halvorsen, utlån frå Arbjørn Sundes gruppe. Den andre, Knut Brodtkorb Danielson, var SOE-agent som Pevik. Saka viser elles at kommunistar og SOE kunne samarbeide.

Andre større eller mindre feil kunne også ha vore nemnde. Men trass i at det ikkje er vanskeleg å komme med innvendingar og peike på feil, er Ulateigs bok eit viktig bidrag til historia om okkupasjonsåra og rettsoppgjering. Derfor tilrår eg boka, dersom ho blir lesen med et kritisk blikk.

Tore Pryser